



Seljord Personal AS

Eigarskapkontroll - Seljord kommune

2014 :: 428 003

Innhald

Samandrag	3
1 Innleiing	5
1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar	5
1.2 Metode	5
1.3 Kriterier	5
1.4 Høyring	6
2 Fakta om selskapet	7
2.1 Eigarskap.....	7
2.2 Selskapet si leiing	7
2.3 Formål.....	8
2.4 Organisasjon	8
2.5 Økonomisk stilling	9
2.6 Avtaleforhold og juridiske plikter	10
2.7 Innsyn, innkjøp og offentlig støtte.....	10
2.8 Miljø	11
2.9 Styret sitt arbeid.....	11
2.10 Generalforsamlinga	12
2.11 Revisor	13
2.12 Framtidsutsikter	13
3 Vurderingar av selskapet	13
3.1 Føremål og organisasjonsform	13
3.2 Økonomi	14
3.3 Avtalar	14
3.4 Styret sitt arbeid.....	14
3.5 Generalforsamlinga	14
4 Om eigarkommunen	16
4.1 Rutinar for oppfølging og evaluering av eigarinteresser	16
4.2 Blir vedtak og retningslinjer for utøvinga av eigarskap følgde?.....	16
5 Vurderingar av eigarskapen	18
6 Tilrådingar	19
6.1 Til eigar	19
6.2 Til selskapet	20
Vedlegg	20

Foto framside: Utsikt frå Gaustatoppen. Henta frå selskapet si heimeside med samtykke frå selskapet.

Samandrag

Bestilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Seljord kommune i sak 6/14. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2012-2015, vedtatt av kommunestyret.

Kontrollutvalet har bedt om svar på følgjande problemstillingar:

- Har kommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
- Blir eigarinteressene forvalta i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovreglar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

Metode og gjennomføring

Eigarskapskontrollen er gjort i samsvar med reglane om gjennomføring av selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, samt forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14 og gjeldande rettleiar for selskapskontroll, fastsett av Norges kommunerevisorforbund.¹

Eigarskapskontrollen er gjennomført av revisor Gunnar Isaksen. Oppdragsansvarlig er Kirsti Torbjørnson. Arbeidet er avslutta 1. oktober 2014.

Om selskapet – funn og vurderingar

Styret har i hovudsak ført forsvarleg tilsyn med selskapet og dagleg leiing. Vi har få negative funn og ingen funn som kan karakteriserast som alvorlege. Selskapet vurderast til å vere ei verksemd med eit godt fungerande styre og dagleg leiing.

Om eigar – funn og vurderingar

Seljord kommune har i hovudsak grei oversikt over sine eigarinteresser i selskapet. Vi vil likevel peike på at eigarskapsmeldinga ikkje er oppdatert sidan 2010. Dette, og litt mangelfulle opplysningar frå eigar i samband med kontrollen, kan gi inntrykk av at kunnskapen om og engasjementet rundt selskapet, ikkje er så høgt som det kunne ha vore frå eigars side.

Tilrådingar

På bakgrunn av det vi har sett i eigarskapskontrollen, tilrår vi at eigar

¹ Selskapskontroll - fra A til Å, Norges kommunerevisorforbund 11. mai 2011

- vurderer om det er behov for oppdatering og ny politisk handsaming av eigarskapsmeldinga,
- legg opp til regelmessig evaluering av eigarskapsmeldinga, i tråd med KS sine anbefalingar,
- formaliserer rutinar for korleis kommunestyret skal informerast om selskapet,
- inngår skriftlege avtalar med SP AS om forhold mellom kommunen og selskapet av økonomisk og vesentlig art til dømes avtalar om kor mange plassar kommunen skal kjøpe kvart år.

Vi tilrår at selskapet

- gjer ei grundig vurdering og lage ei skriftleg og årsaksforklara grunngjeving om sitt forhold til offentleglova og lov om offentlege anskaffingar.
- registrerer styreverva i Styrevervregisteret,
- gjennomfører og formaliserer styreevaluering,
- daterer innkalling til generalforsamling,
- sørger for at selskapets revisor får innkalling til generalforsamling,
- inngår skriftlege avtaler med kommunen og NAV om forhold av økonomisk og vesentlig art, til dømes avtalar om kor mange plassar kommunen skal kjøpe kvart år.

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Seljord kommune i sak 6/14.

Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2012-2015, vedtatt av kommunestyret.

I kontrollen vil vi undersøke følgjande problemstillingar:

- Har kommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
- Blir eigarinteressene forvalta i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovreglar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2012 og 2013.

1.2 Metode

Denne kontrollen er ein *eigarskapskontroll*. Kontrollen er gjennomført i samsvar med reglane om selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14, samt gjeldande rettleiar for selskapskontroll, fastsett av Norges kommunerevisorforbund.²

I rapporten presenterer vi noko informasjon om selskapet. Vi meiner at denne informasjonen kan vere med på å gi eit heilskapleg bilete av eigarstyringa av selskapet, og om denne fungerer i praksis. Utover dette går ikkje kontrollen djupt når det gjeld styret sitt ansvar og verksemda i selskapet.

1.3 Kriterier

Kriterier for vurderingane i rapporten bygger i hovudsak på følgjande kjelder:

- lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (koml)
- lov 13. juni 1997 om aksjeselskap (asl)
- forskrift 11. desember 2008 nr 1320 om arbeidsrettede tiltak mv.
- lov 16. juli 1999 og forskrift 7. april 2006 om offentlige anskaffelser
- lov 27. november 1992 om offentlig støtte
- lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i offentlig verksemd (offentleglova)

² Selskapskontroll - fra A til Å, Norges kommunerevisorforbund 11. mai 2011

- KS' anbefalingar for eigarstyring
- selskapets vedtekter og relevante kommunestyrevedtak
- eigarskapsmelding for kommunen og/eller strategi for selskapet

Fakta i rapporten bygger på informasjon som er innhenta gjennom

- eigenerklæring frå styret
- eigenerklæring frå eigarrepresentant
- intervju med dagleg leiar
- dokumentgjennomgang

I rapporten fokuserer vi på negative funn. Det som er i orden blir som hovudregel ikkje omtala.

Vi har ikkje vurdert forhold som gjeld drift av dotterselskapet Seljord Vev og Garnsenter AS. Vi har berre vurdert dette eigarskapet i forhold til formålsparagrafen til Seljord Personal AS.

Vi meiner at metodebruk og kjeldetilfang i denne eigarskapkontrollen har gitt eit godt nok grunnlag til å svare på dei problemstillingane som kontrollutvalet har vedtatt.

1.4 Høyring

Utkast til rapport er sendt på høyring til selskapet sitt styre og daglege leiing og til ordførar i Seljord kommune. Kommentaranne vil bli innarbeida i rapporten og følgjer som vedlegg til rapporten.

2 Fakta om selskapet

2.1 Eigarskap

Eigar	Aksjar	Eigardel
Seljord kommune	100	100 %

Generalforsamlinga til selskapet er formannskapet i Seljord Kommune.

Kommunestyret har delegera mynde gjennom vedtak av eigarskapsmelding, kor dette står i pkt. 5.1.

2.2 Selskapet si leiing

Styret

Styrefunksjon	Styret valt på ordinær generalforsamling	
	2013	2014
Styreleiar	Bjarne Geir Nenseter (ikkje på val)	Bjarne Geir Nenseter (attval for 2 år)
Styremedlem	Hilde Fjellheim (ikkje på val)	Hilde Fjellheim (attval for 2 år)
Styremedlem	Svein Erik Sletta	Svein Erik Sletta (ikkje på val)
Styremedlem	Hallgeir Ofte	Hallgeir Ofte (ikkje på val)
Styremedlem	Kine Jordbakke	Kine Jordbakke (ikkje på val)
Ingen varamedlemmar		

Styret og styreleiar vert valde av generalforsamlinga. Styremedlemmane blir valde for to år.

Honorar til styreleiar er kr 22 000 i 2013, og kr. 14 000 til styremedlemmene. Honorar er uendra i 2014.

Dagleg leiar

Dagleg leiar er Olav Moen i 100 % stilling, med ei årsløn på kr. 677 851 i 2013. Den vart sist justert i mai 2013, etter behandling i lønsutvalet, minus dagleg leiar. Lønsutvalet

består av styreleiar og eit styremedlem til. Dagleg leiar er med når dei andre tilsette skal vurderast.

Det er utarbeida ein stillingsinstruks for dagleg leiar. Stillingsinstruksen er vedtatt i selskapsstyret 26.3.2008.

2.3 Formål

Seljord Personal AS vart etablert i 2003. Selskapet sitt formål er å drive verksemd som kan føre til auke i sysselsetting av yrkesvalhemma og mindre arbeidsføre.

Det er ein føresetnad i regelverket at attføringsbedrifter skal være organisert sjølvstendig frå kommunen sin organisasjon. Val av organisasjonsform er i samsvar med kravet til slike føretak.³

Seljord Personal AS tilbyr mellom anna arbeidspraksis, arbeidsavklaring og arbeidsretta bistand. Frå 2013 tilbyr selskapet varig tilrettelagt arbeid gjennom dotterselskapet Seljord vev- og garnsenter AS. Føremålsparagrafen set få grenser for kva verksemd selskapet skal halde på med for å auke sysselsettinga for yrkesvalhemma og mindre arbeidsføre.

2.4 Organisasjon

Selskapet har ni tilsette inklusiv dagleg leiar. I følgje årsmeldinga har ein ikkje hatt sjukefråvere av betydning, og leiinga vurderer arbeidsmiljøet som godt. Styret opplyser at tilsyn og kontakt med dagleg leiar skjer ved jamlege styremøter, medarbeidarsamtalar og elles tett dialog.

2.4.1 Planar og styrande dokument

Av styrande dokument har selskapet ei personalhandbok som er vedtatt av styret, og eit politikkdokument som i følgje selskapet er implementera i personalgruppa. I tillegg har ein selskapet sine vedtekter. Politikkdokumentet beskriv politikk for å sikre kvalitet i tenestene og tiltak retta mot medarbeidarane: rekruttering, likestilling, inkludering, medverknad og etikk. Vidare inneheld dokumentet politikk for å sikre brukarane av tenestene, personvern, hindre utnytting og sikre brukarmedverknad.

Selskapet er omtala i kommunen si eigarmelding og har egne kapittel om vedtekter, eigardel, representasjon, marknadssituasjon, strategi og økonomi. Her står det blant

³ Jf. forskrift 11. desember 2008 nr. 1320 om arbeidsrettede tiltak § 10-3 og § 11-4 (avløste forskrift 20. desember 2001 nr. 1544 § 7-4)

anna at formannskapet er selskapet si generalforsamling og at ordføreren er valkomité. Det står også at kommunestyret skal ha årleg orientering frå styreleiar og dagleg leiar, og at formannskapet ein gong i året skal ha orientering om selskapet og drøfte selskapet sin strategi. Om økonomi står det at aukande eigenkapital skal nyttast i selskapet si drift, til beste for kommunen sine innbyggjarar.

2.5 Økonomisk stilling

Nøkkeltall Seljord Personal AS⁴

Seljord Personal AS				
Alle tall i heile 1000	2013	2012	2011	2010
Resultatregnskap				
Driftsinntekter	6 629	5 858	4 694	4 522
Driftsresultat	386	548	296	25
Årsresultat	403	628	388	111
Ordinært utbytte	-	-	-	
Resultatgrad i %	6,08	10,7	8,27	2,45
Balanseregnskap				
Sum eigedeler	5 854	5 303	4 604	4 048
Eigenkapital:				
Innskoten eigenkapital	100	100	100	100
Opptent eigenkapital	4 786	4 383	3 755	3 367
Sum gjeld	968	820	749	681
Likviditetsgrad 1	2	3,4	5,9	5,6
Eigenkapitalandel i %	83,5	84,5	83,7	83,6
Gjeldsgrad	0,2	0,2	0,2	0,2
Totalrentabilitet i %	6,9	11,9	8,4	2,7

⁴ Formlar nytta ved berekning av nøkkeltal, sjå vedlegg 1.

Våre kommentarar:

Resultata i den undersøkte perioden vurderast til å være tilfredsstillande.

Eigenkapitalen veks som følgje av positive resultat. Gjeldsgraden er stabil på 0,2, noko som må seiast å vere bra. Likviditeten er god, sjølv om den er noko svekka dei siste åra. Dagleg leiar seier at dette skuldast kjøp av Seljord Vev og Garnsenter AS, som blei betalt med pengar på bok.

Tal frå rekneskapet pr. 31.6.2014 viser at inntektene er gått noko ned, samanlikna med same periode i fjor. Prognosar basert på opplysningar frå selskapet for heile året viser at driftsresultatet for 2014 vil kunne bli negativt. Dette skuldast i hovudsak færre tiltaksplassar i kommunal regi enn venta. Det var planlagt for sju plassar, men dei fekk berre fire. Det har ikkje lukkast revisor å finne noko skriftleg avtale eller anna grunnlag på desse planlagde plassane.

Selskapet har mykje god eigenkapitaldekning som følgje av mange år med positive resultat, og at desse resultata er lagt til eigenkapitalen.

2.6 Avtaleforhold og juridiske plikter

I følgje Brønnøysundregisteret har styreleiar signatur aleine. Dette er i samsvar med vedtektene.

Selskapet har skriftleg avtale med Seljord kommune om medfinansiering av statlege VTA-plassar. Dei har også ein kommunalt finansierte VTA-plass, som det ikkje er noko skriftleg avtale på. I følgje selskapet har dei også avtale om levering av vaktmestertjenester til teknisk etat, som er behandla politisk, men det er ikkje signera noko avtale på dette.

Selskapet har avtale med NAV om gjennomføring av arbeidsretta tiltak. Avtala omfattar APS (arbeidspraksis i skjerma verksemd), VTA (varig tilrettelagt arbeid) og AB (arbeid med bistand). Avtala med NAV varer i eit år frå tidspunktet for underteikning, som var 18.2.2014. Avtala har vore stabil med omsyn til APS- og AB-tiltaka og VTA-tiltaka kom inn i avtala i 2013 med 3 statlege plassar. Avtala fornyast årleg.

Dagleg leiar er ikkje kjend med at det har vore irregulære forhold eller straffbare forhold ved verksemda.

2.7 Innsyn, innkjøp og offentlig støtte

Styret opplyser at ein har gjort vurderingar av om selskapet er omfatta av reglane om offentlege anskaffingar og av offentleglova. Styret meiner at selskapet ikkje er omfatta

av desse reglane, og meiner at dei ikkje har hatt innkjøp som kjem inn under lov om offentlige anskaffingar.

Når det gjeld reglane om offentleg støtte har ein ikkje gjort særlege vurderingar. Dagleg leiar seier at dei ikkje mottek offentleg støtte, berre tilskot frå kommunen for dei kommunale tiltaksplassane. Det er ikkje kartlagd om Seljord Personal AS krysssubsidierer sine tenester, til dømes at kommunens tilskot vil kunne vera med på å subsidiera prisen som NAV må betala for sine plassar.

2.8 Miljø

Selskapet driv ingen forureinande verksemd pr. i dag og utgjer såleis ingen fare for det ytre miljøet. Dagleg leiar opplyser at dei har som mål å bli eit *miljøfyrtårn*⁵. Dette er eit av dei mest brukte sertifikatene for verksemdar som vil dokumentera sin miljøinnsats og vise samfunnsansvar og inneber systematisk arbeid med miljøtiltak i kvardagen.

2.9 Styret sitt arbeid

2.9.1 Tilsyn med dagleg leiar

Det har vore fem styremøter per år i 2012 og 2013. Det har vore fem forfall, men protokollane viser at styret har vore vedtaksføre på alle møta i 2012 - 2013.

Dagsorden for styremøta følger i hovudsak eit fast oppsett, og handlar om godkjenning av protokoll frå siste styremøte, orientering av dagleg leiar, andre postar og avsluttast med eventuelt.

Dagleg leiar og styreleiar har kalla inn til styremøta. Innkallinga er ikkje datert. Protokollane er signert av alle styremedlemmer. Det går ikkje fram av protokollen at styret har valt medlemmer til å signere protokollen. Det går fram at protokollen blir sendt til høyring før signering.

Styreleiar har jamleg møter med dagleg leiar mellom styremøta.

Dagleg leiar opplyser at det er utarbeida styreinstruks

⁵ www.miljofyrtarn.no

2.9.2 Økonomirapportering

Økonomi er tema på kvart styremøte. Dagleg leiar opplyser at årsmøtet er rapporteringspunktet til eigar. Her blir det i tillegg til årsmeldinga lagt fram ein rapport som seier meir enn årsmeldinga.

2.9.3 Risikovurderingar

Styret opplyser at det blir gjort risikovurderingar jamleg, i og med at driftsutfordringar og økonomi er tema på kvart styremøte.

Styret har ikkje teikna styreforsikring, fordi dei har vurdert den økonomiske risikoen for styremedlemmane som liten med omsyn til selskapet sin storleik og omsetning. Den sterke eigenkapitalen er også teke omsyn til i denne avgjerda, opplyser dagleg leiar.

2.9.4 Styreevaluering og registrering i styrevervregisteret

Styret har ikkje gjennomført eigenevaluering av styret sitt arbeid 2013. Styremedlemmane er ikkje registrert i styrevervregisteret.

2.10 Generalforsamlinga

Formannskapet i Seljord er generalforsamling for selskapet, jf. eigarskapsmelding. Dette er, som tidlegare nemnd, delegera gjennom vedtak av eigarskapsmelding i 2010.

Det vart gjennomført ordinære generalforsamlingar innan fristen 30. juni både i 2012, 2013 og 2014. Styreleiar og dagleg leiar har sendt innkalling. Innkallingane er ikkje daterte. I følgje aksjelova skal innkalling sendast minst ei veke før møtedato. Eigarskapsmeldinga forhold seg til aksjelova på dette punktet.

Kontrollutvalet og kommunens revisor er varsla om generalforsamlinga, jf. kommunelova § 80. Selskapets revisor har ikkje blitt varsla, og har følgeleg ikkje deltatt på generalforsamlingane.

Protokollane frå generalforsamlinga er i samsvar med formelle krav, og opplyser at formannskapet, styret for selskapet og dagleg leiar var til stades på generalforsamlinga. Protokollane seier også kven som har meldt forfall og kven som ikkje har møtt.

Generalforsamlingane har handsama dei sakene som dei etter aksjelova og vedtektene pliktar å handsame. Protokollane viser at årsrekneskap og årsmelding vart godkjent. Det følgjer av vedtektene at det ikkje er delt ut utbytte i perioden.

Generalforsamlingane har valt styreleiar, styremedlemmer og revisor, og fastsett godtgjerings til disse. Det er kjønnsbalanse i styret, med 3 kvinner og 2 menn. Eigarskapsmeldinga seier at ordførar er valkomité.

Det er ikkje halde ekstraordinær generalforsamling i den perioden vi har undersøkt, 2012-2013.

2.11 Revisor

Selskapets revisor har gitt normal revisjonsmelding for 2012 og 2013. Dette tilseier at intern kontroll, bokføring og rekneskapsrapportering m.m. fungerer tilfredsstillande og at årsrekneskapan er i samsvar med god rekneskapskikk.

Revisor har ikkje delteke på styremøte før generalforsamling og på generalforsamling. Selskapet har ikkje mottatt nummererte brev frå revisor i den undersøkte perioden. Revisor har utført revisjon for kr. 21 742, og anna bistand for kr. 13 175 i 2013 og høvesvis kr. 16 714 og kr. 9 000 i 2012.

Det går ikkje fram av notane kor mykje revisor har berekna i meirverdiavgift.

2.12 Framtidsutsikter

Årsmeldinga 2012 og 2013 seier ingenting om framtidsutsiktene utover grunnlaget for fortsatt drift. Selskapets leiding uttrykkjer at det er ei utfordring med aukande fokus frå NAV på låg pris, kompetanse og gode resultat, og at dette fører til at Seljord Personal AS må levera høgare kvalitet til ein lågare pris enn før.

Resultatet for 2014 kan, som tidlegare nemnd, bli negativt, men dagleg leiar håpar å kunne snu dette i løpet av et par år. I følgje dagleg leiar er det eit stort utviklingspotensiale i selskapet, og dette heng saman med og avheng mykje av samarbeidet med kommunen og NAV. Vi har ikkje undersøkt dette nærare i denne kontrollen.

3 Vurderingar av selskapet

3.1 Føremål og organisasjonsform

Selskapets føremålsparagraf gir selskapet høveleg stort handlingsrom. Vår vurdering er at selskapet driv godt innanfor føremålsparagrafen. Den daglege drifta skjer på ein kompetent måte.

Organisasjonsforma (aksjeselskap) er gjeven ut i frå lovgjevinga.⁶

3.2 Økonomi

Selskapet har i fleire år levert positive resultat og bygd opp ein solid eigenkapital, og har difor ein svært god soliditet. Driftsinntektene har auka frå 4,522 mill. kroner i 2010 til 6,629 mill. kroner i 2013, som er 46,59% fordelt på 4 år. Drifta har i løpet av desse åra gitt totalt 1,255 mill. kroner i overskott. Tar vi med netto finansinntekter er overskottet 1,530 mill. kroner, med 2012 som toppåret. Selskapet er difor godt rusta, sjølv om det skulle gå med underskot eit par år. Selskapet er likevel så lite at det er sårbart mot svingingar på politisk og økonomisk nivå. Ein fortsatt sunn økonomi vil difor avhenge av stabilitet og pålitelege avtalar med kommunen og NAV.

3.3 Avtalar

Selskapet ser ut til å ha god oversikt over avtaleverk og avtalar nemnd i pkt 2.6. Det bør etter revisors vurdering likevel gjerast skrifteleg avtale med kommunen frå år til år om kor mange VTA plassar kommunen kan vere med på å finansiere. Dette vil også vere gjeldande for andre avtalar eller ordningar som har økonomiske følgjer for selskapet. Dette vil bidra til at selskapets føresetnader for stabil drift vil verte betra.

3.4 Styret sitt arbeid

Styret er ifølgje dagleg leiar samansett av engasjerte og kompetente medlemmar. Styret utfører sitt arbeid i samsvar med styreinstruksen, og samarbeidet med selskapsleiinga synest å være bra. Eigenerklæringa som er innhenta frå styret i samband med eigarskapskontrollen tyder på at dei har god oversikt, noko som også blir bekrefta av dagleg leiar i intervju. Styremedlemmane er ikkje melde inn i styrevervregisteret - <http://www.styrevervregisteret.no/>

3.5 Generalforsamlinga

Generalforsamling er halden i samsvar med lov og forskrift med omsyn til tidspunkt og innhald. Innkallinga er ikkje datert, men dagleg leiar har i 2014 sendt innkallinga på e-post til ordførar 18 dagar før generalforsamling.

I følgje aksjelovas §7-5 har selskapets revisor rett til å delta på generalforsamling. Revisor har møteplikt når dei sakene som skal handsamast er slik at det er naudsynt at

⁶ Forskrift 11. desember 2008 nr. 1320 om arbeidsrettede tiltak § 11-4 (avløste forskrift 20. desember 2001 nr. 1544 § 7-4)

revisor møter. Derfor skal revisor ha innkalling til generalforsamling. Slik innkalling er ikkje sendt i den undersøkte perioden.

3.6 Offentleglova og lov om offentlege anskaffingar

Offentleglova gjeld for selskap der det offentlege har meir enn 50 % eigardel, så framti selskapet ikkje driv i konkurranse med og på same vilkår som private. Selskap som hovudsakeleg driv næring i konkurranse med andre fell utanfor offentleglova. Om berre mindre delar av selskapet er utsatt for konkurranse, gjeld lova likevel. Selskapet opplyser at dei ikkje følgjer offentleglova. Vi har vurdert det slik at selskapet ligg i ei gråson når det gjeld offentleglova og at dette avheng av kor mykje av drifta som reelt sett er konkurranseutsett. Dette kan vera ei kompleks problemstilling og vi har ikkje undersøkt temaet utover dette.

Med omsyn på lov om offentlege anskaffingar, kjem vi inn på nokre av dei same problemstillingane. Vi har ikkje gjort noko endeleg vurdering av selskapets forhold til reglane om offentlege anskaffingar.⁷

⁷ Jf. Kofa-sak 2006/12, der Kofa vurderer at en attføringsbedrift var av industriell og forretningsmessig karakter, og dermed ikke omfattet av anskaffelsesreglene. Spørsmålet om reglene gjelder for denne type bedrifter er ikke generelt avklart, og må vurderes konkret i det enkelte tilfelle.

4 Om eigarkommunen

4.1 Rutinar for oppfølging og evaluering av eigarinteresser

Formannskapet vedtok i sak nr. 37/09 at det skal utarbeidast eigarskapsmelding for Seljord Personal AS. Denne vart ferdig og vedteken våren 2010.

Det går fram av eigarskapsmeldinga at kommunen skal yte administrativ bistand i form av at rådmannen skal hjelpe dei folkevalde representantane og skal:

- Ha oversikt over selskapa med tilhøyrande vedtekter, selskapsavtaler, tenesteavtaler og lovverk som blir halde à jour.
- Yte administrativ sekretariatsstøtte til dei valde representantane for å hjelpe ordføraren i høve til faglege avklaringar på førehand.

Eigarskapsmeldinga er kjend for styret og dagleg leiar. Eigarskapsmeldinga har eit vedlegg som omhandlar Seljord Personal AS. Vedlegget inneheld fakta om selskapet og vurderingar rundt marknadssituasjonen i 2009. Det har også eit avsnitt om strategi, som blant anna omtalar utvikling av samarbeidet mellom Seljord Personal AS, Seljord kommune og NAV. Det inneheld også korleis og kor ofte kommunestyret og formannskapet skal ha orientering om selskapet.

I eigenerklæring frå eigar blir det svara at det ikkje er utarbeida eigarskapsstrategi for selskapet.

4.2 Blir vedtak og retningslinjer for utøvinga av eigarskap følgde?

Folkevaldopplæring

Kommunen opplyser at det blir gjennomført folkevaldopplæring til medlemmene i kommunestyret. Det blei til dømes halde eit foredrag 3.4.2014 for kommunestyret med fleire, der temaet var korleis dei folkevalde skal utøva eigarskap og rolleavklaring der ein er både folkevald og styremedlem i selskap der kommunen er eigar. Foredraget blei halde av ein advokat frå KS Advokatane.

I tillegg til folkevaldopplæringa gir eigarmeldinga generell informasjon om selskapsformer og ulike roller i eigarstyringa. Informasjonen er godt i samsvar med tilrådingar om god eigarstyring frå KS.

Det er ikkje lagt opp til regelmessig handsaming av eigarmeldinga eller andre tiltak som sikrar at folkevalde er kjende med meldinga og innhaldet i den.

Vedtekter, mål og strategiar

Selskapet har eigne vedtekter. Eigarskapsmeldinga omtalar både visjon, delmål og hovudmål. Den inneheld også som nemnd, eit avsnitt om strategi. Her står det at Seljord kommune ønskjer at selskapet/styret/generalforsamlinga vurderer endring av visjon og mål.

Selskapet opplyser at dei har endra mål og fokuserer på å få til ein god arena for VTA, gjennom kjøpet av SVG AS. Visjonen er også endra frå det som er oppgitt eigarskapsmeldinga.

Representasjon og delegasjon

Det er formannskapet som er generalforsamling for selskapet. Dette er delegert til formannskapet gjennom ein vedteken eigarskapsmelding kor dette er teken inn og bestemt under punkt 5.1 *Seljord Personal AS – representasjon*.

Rapportering og avklaring av rammer

Kommunen og selskapet opplyser at det blir rapportert til eigar i generalforsamlinga, og at det elles blir rapportert ad hoc til formannskapet. Selskapet opplyser at ein har dialog med ordførar eller rådmann i aktuelle saker, og at det selskapet også lagar ein intern årsrapport til generalforsamlinga, som seier meir enn årsmeldinga .

I eigarskapsmeldinga står det at Seljord kommune, kommunestyret, årleg skal ha orientering frå styreleiar og dagleg leiar. Det er ikkje dokumentera korleis kommunestyret, som er overordna formannskapet, får slik informasjon. Det ser difor ut som om kommunestyret ikkje er informera om selskapet i tråd med eigarskapsmeldinga. Dagleg leiar seier at det er lenge sida han har vore i kommunestyret og informera. Dei siste møta har vore med formannskapet.

Vår vurdering er difor at eigar ikkje har blitt godt nok orientera om selskapet, berre eigarrepresentanten – formannskapet – har blitt orientera.

Styreevaluering og styreinstruks

Eigar har definerte instruksar til styret og administrasjonen. Eigar er ikkje kjend med at det blir gjort evalueringar av styret sitt arbeid.

Val av styremedlemmer

Eigar har ikkje fastsett retningsliner for val av styremedlemmer eller samansetjing av styret. Eigar er ikkje kjend med at det er valkomite for selskapet. Eigarskapsmeldinga seier at det er ordførar som er valkomite.

Ei av dei viktigaste oppgåvene for eigar, er å velje eit godt og kompetent styre. Selskapet sine vedtekter seier at styre skal bestå av 1-5 medlemmer og 1-2 varamedlemmar, etter generalforsamlinga si nærmare avgjerd. Vedtektene seier ingenting om samansetninga av styret utover dette, men § 10 i selskapsvedtektene viser til ein kvar tid gjeldande aksjelovgivning.

5 Vurderingar av eigarskapen

Oversikt over eigarinteresser

Seljord kommune har ein eigarskapsmelding frå 2010. Eigarskapsmeldinga har ein generell del og ein del om einskilde selskap. Sida 2010 har det skjedd ein god del, både i marknaden og i selskapet. Eigarskapsmeldinga inneheld ikkje oppdatert informasjon om selskapet og det er difor grunn til å tru at kjennskapen til selskapet er avgrensa hos representantane i kommunestyret. Etter det vi kan sjå er det ikkje rapportert om selskapet frå eigarrepresentant (formannskapet) til kommunestyret.

Formannskapet, som er generalforsamling i selskapet, verkar å ha god oversikt over eigarinteressene.

Totalvurderinga blir difor at rapportering om eigarskapen og kommunens eigarinteresser ikkje er godt nok kommunisera frå formannskap til kommunestyret.

Tydelege målsetjingar?

Selskapet sine vedtekter inneheld ein tydeleg men likevel open føremålsparagraf, som ikkje legg unødige band på verksemda i SP AS. I tillegg inneheld eigarskapsmeldinga visjonar, delmål og hovudmål for selskapet. Eigarmeldinga inneheld jamvel strategiar for korleis selskapet skal nå desse måla.

Eigarskapsmeldinga vurderast ikkje å vera oppdatera når det gjeld mål og visjon, med årsak i blant anna at selskapet nå satsar meir på VTA-plassar og at dei no har ein annan visjon enn eigarskapsmeldinga seier. Satsinga på VTA-plassar er ikkje nemnd i

eigarskapsmeldinga og visjonen er endra i forhold til det som står på heimesidene til selskapet.

Generelle føringar for utøving av eigarskap

Gjennom eigarskapsmeldinga som vart utarbeida i 2009-2010 og vedteken våren 2010, etablera kommunen klare føringar for utøving av eigarskap, både generelt og for Seljord Personal AS. Eigarskapsmeldinga vurderast å vera utdatert på enkelte områder, fordi enkelte fakta ikkje lenger er gjeldande. Blant anna har Seljord Personal AS kjøpt Seljord VGS AS, og dette har sannsynlegvis endra føresetnadene for eigarskapet. Meldinga byggjer elles på opplysningar frå 2009, og det er mykje som har forandra seg på fem år. Blant anna er konkurransesituasjonen betydeleg skjerpa mellom ulike arbeidsmarknadsverksemdar. Dette fører til endra driftsføresetnader for selskapet.

På denne bakgrunn og i samsvar med KS sine tilrådingar for eigarskap, meiner vi at eigarskapsmeldinga bør reviderast og handsamast regelmessig, gjerne kvart år, i kommunestyret.

6 Tilrådingar

6.1 Til eigar

På bakgrunn av det vi har sett i eigarskapskontrollen, tilrår vi at eigar:

- vurderer om det er behov for oppdatering og ny politisk handsaming av eigarskapsmeldinga,
- legg opp til regelmessig evaluering av eigarskapsmeldinga, i tråd med KS sine anbefalingar,
- formaliserer rutinar for korleis kommunestyret skal informerast om selskapet,
- inngår skriftlege avtalar med Seljord Personal AS om forhold mellom kommunen og selskapet av økonomisk og vesentlig art (til dømes avtalar om kor mange plassar kommunen skal kjøpe kvart år).

6.2 Til selskapet

Vi tilrår at selskapet

- gjer ei grundig vurdering og lagar ei skriftleg og årsaksforklara grunngjeving om sitt forhold til offentleglova og lov om offentlege anskaffingar.
- registrerer styreverva i Styrevervregisteret,
- gjennomfører og formaliserer styreevaluering,
- daterer innkalling til generalforsamling,
- sørger for at selskapets revisor får innkalling til generalforsamling,
- inngår skriftlege avtaler med kommunen og NAV om forhold av økonomisk og vesentlig art, til dømes avtalar om kor mange plassar kommunen skal kjøpe kvart år.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Formlar for berekning av nøkkeltal

Vedlegg 2 – Eventuelle kommentarar til rapporten frå eigar/selskapet.

Vedlegg 3 – KS tilrådingar for godt eigarskap

Vedlegg 1: Formlar nytta ved berekning av nøkkeltall:

Resultatgrad i %	(Driftsresultat x 100) / Sum driftsinntekter <i>Resultatgraden er et mål på hvor stort driftsresultatet er i forhold til omsetningen.</i>
Likviditetsgrad 1	Sum omløpsmidler / Sum kortsiktig gjeld <i>Likviditetsgrad 1 måler bedriftens evne til å dekke betalingspliktene etter hvert som de forfaller. Likviditetsgrad 1 bør være større enn 1,5.</i>
Egenkapitalandel i %	(Sum egenkapital x 100) / Sum total kapital <i>Er et uttrykk for hvor stor del av eiendelene som er finansiert med egenkapital og dermed hvor mye av eiendelene som kan gå tapt før kreditorenes fordringer kommer i fare.</i>
Gjeldsgrad	Sum gjeld / Sum egenkapital <i>Gjeldsgraden viser hvor stor gjelda er i forhold til egenkapitalen. En gjeldsgrad på 1 vil si at bedriften har like stor gjeld som egenkapital. En kan si at jo mindre dette forholdstallet er, jo mer solid er bedriften.</i>
Totalrentabilitet i %	(Driftsresultat + finansinntekter) x 100 / Gjennomsnittlig total kapital <i>Totalrentabiliteten viser bedriftens avkastning på den totale kapitalen som er bundet i bedriften. Er altså et mål på avkastningen på selve eiendelene, og representerer et viktig nøkkeltall ved lønnsomhetsberegning.</i>
Resultatgrad i %	(Driftsresultat+Finansinntekterx100/Driftsinntekter

Vedlegg 2: Høyringsuttale

Frå eigar:

Seljord kommune har merka seg "gul utheving" på side 17 i høyringsdokumentet. Kommunen legg til grunn at eigarskapsmeldinga seier noko om kven som skal vera generalforsamling.

Noko som går fram av høyringsutkastet på anna plass.

Elles har ikkje eg andre kommentarar til dokumentet.

Mvh

Per Dehli

Rådmann

Frå selskap:

2.10 styremedlemmer: 3 kvinner og 2 menn

Ingen uttalelser frå eigar og selskap utover dette.

Vedlegg 3: KS' Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskap og foretak

Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte

- Kommuner bør som en del av folkevalgtopplæringen gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte i de ulike aspektene knyttet til eierstyring av utskilt virksomhet. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden og senere med oppfølging etter 2 år. Det anbefales at kommunestyret etter gjennomføring av generalforsamling, får forelagt en oversikt over status for selskapene.

Nr. 2 Utarbeidelse av eierskapsmeldinger

- Kommuner skal foreta en politisk gjennomgang av virksomhet som er organisert som selvstendige rettssubjekter eller interkommunale organer gjennom utarbeidelse av en eierskapsmelding. Eierskapsmeldingen bør gjennomgås og eventuelt revideres hvert år i kommunestyret. Eierskapsmeldingen skal følges av strategier og formål/selskapsavtale for det enkelte selskap. Alt eierskap i selvstendige rettssubjekter skal fremgå på en klar og instruktiv måte i kommunens årsberetning. Interkommunale eierskapsmeldinger kan også utarbeides.

Nr. 3 Utarbeidelse og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapets virksomhet skal tydeliggjøres i vedtektene/selskapsAvtala. Innenfor rammen av vedtektene/selskapsAvtala bør selskapet ha klare mål og strategier for sin virksomhet. Eierne skal ha et bevisst forhold til en eventuell forventet avkastning. For selskaper som opererer innenfor et marked skal prinsippene for en eventuell utbyttepolitikk klargjøres og deretter fremmes for eierorganet gjennom selskapsAvtala/vedtektene. Langsiktighet og samfunnsansvar bør legges til grunn for det kommunale/fylkeskommunale eierskap. Formålsangivelsen i selskapsavtale/vedtekter bør vurderes med jevne mellomrom for å se om det er behov for endringer.

Nr. 4 Vurderinger og valg av selskapsform

- Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset virksomhetens formål, eierstyringsbehov, markedsmessige forhold og konkurransereguleringen. Skal selskapet ta risiko og operere i et marked bør det etableres et selskap med begrenset ansvar. Der selskapet skal yte tjenester til eierne i egenregi kan både interkommunale selskap

og foretak være hensiktsmessige former. Stiftelser er ikke anbefalt for virksomhet som krever eierstyring.

Nr. 5 Fysisk skille mellom monopol og konkurransevirkosomhet

Selskaper som opererer med konkurransevirkosomhet i tillegg til monopolvirkosomhet, bør som hovedregel skille ut virksomheten for å unngå mistanke om muligheten for rolleblanding og kryssubsidiering. Organiseringen av konkurranseutsatt virksomhet bør så langt mulig være ledelsesmessig, personalmessig og fysisk atskilt fra monopolvirkosomheten. Dette må være utgangspunktet, og oppfyller man ikke dette må det være en bevissthet om hvorfor.

Nr. 6 Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevs og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalget er delegert denne funksjonen fra kommunestyret og har derfor en spesielt viktig rolle i eierstyringen.

Nr. 7 Sammensetning og funksjon til eierorgan

For aksjeselskap og interkommunale selskaper anbefales det at kommunestyret oppnevner politisk ledelse som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierutøvelsen skal speile kommunestyrets samlede/flertallsbeslutning. Det er sentralt at det opprettes en forutsigbar og klar kommunikasjon mellom eierorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamling/representantskapsmøte.

Nr. 8 Gjennomføring av eiermøter

De formelle eiermøtene er enten generalforsamling eller representantskap, men det kan også innkalles til eiermøter i tillegg til disse.

Styret bør tilrettelegge for at flest mulig av eierorganets medlemmer kan delta i generalforsamling/representantskapet og at dette blir en effektiv møteplass for aksjeeierne og styret. Dette gjøres ved å følge lovens regler om innkalling, at saksdokumentene er utførlige nok til å ta stilling til sakene, at eierne som ikke kan møte skal kunne stemme ved bruk av fullmakt (gjelder ikke interkommunale selskaper), at styret, revisjon og valgkomité er tilstede samt rutiner for at eierorganet velger møteledelse.

Nr. 9 Eiers krav til profesjonelle styrever i kommunal sektor

Det er eiers ansvar å sørge for at styret sammensettes og gis de nødvendige styringsrammene for å utøve sitt virke som et profesjonelt organ. Et profesjonelt styre som kollegium består av personer med egnede personlige egenskaper som utfyller hverandre kompetansemessig.

Nr. 10 Valgkomité for styreutnevning i aksjeselskap og interkommunale selskaper

- Ved valg av styre til selskaper organisert etter aksjeloven og lov om interkommunale selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomité hvor formålet er å sikre sammensetning av styre med komplementær kompetanse og i tråd med eiers formål med selskapet. Representantskapets/generalforsamlingens leder velger leder av valgkomiteen. I selskap med flere eierkommuner bør valgkomiteen sammensettes for å speile eierandel. Flertallet av valgkomiteen bør være uavhengige av styret og ansatte. Valgkomiteens innstilling bør begrunnes. Valgperioden kan vedtektsfestes men allikevel være fleksibel i forhold til eiers behov for kompetanse.

Nr. 11 Rutiner for kompetansevurdering av selskapsstyrene

Eier har ansvar for å sikre at styret besitter den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål, jmf. punkt 9. I dette ligger det også at eier står fritt til å skifte ut styremedlemmer innenfor valgperioden. Men styret selv har også et selvstendig ansvar for å jevnlig vurdere egen kompetanse i forhold til eiernes formål med selskapet og det er derfor anbefalt en rekke rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

Nr. 12 Styresammensetning i konsernmodell

- Styret i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styre. Dersom datterselskap yter tjenester til morselskap i konkurranse med andre bør det være ledelsesmessig og funksjonelt skille mellom selskapene for å unngå inhabilitet og rolleblanding i anbudsprosesser. Dersom det i konsernet er et datterselskap som yter monopoltjenester til sine eiere eller innbyggerne i eiers kommuner bør eksterne kandidater ha flertall i datterstyret.

Nr. 13 Oppnevning av vararepresentanter

Der det utpekes vara til styre bør ordningen med numerisk vara benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Nr. 14 Habilitetsvurderinger og politisk representasjon i styrene

- Det er opp til hvert enkelt eierorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjøre hvilken type kompetanse et styre skal ha. I utgangspunktet anbefales det å unngå situasjoner der styrets medlemmer jevnlig blir vurdert i forhold til forvaltningslovens regler om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av ledende politikere i

selskapsstyrene. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter, og at kommunestyret oppretter en valgkomité som innstiller til det organ som skal velge styrerepresentanter.

Nr. 15 Kjønnrepresentasjon i styrene

I loven er det nå krav om 40 % kjønnrepresentasjon i styrene for både interkommunale selskap, aksjeselskap og aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner har eiermajoritet. Egne rekrutteringsseminar bør iverksettes der det er vanskelig å oppnå lik kjønnrepresentasjon.

Nr. 16 Godtgjøring og registrering av styreverv

- Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse og eventuell revidering av eiermelding gjennomføre en prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere vervene på www.styrevervregister.no

Nr. 17 Arbeidsgivertilhørighet i selvstendige rettssubjekter

- Det anbefales at selskapene ved utskilling av virksomhet til selvstendige rettssubjekter søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon.

Nr. 18 Utarbeidelse av etiske retningslinjer

- Det anbefales at eier påser at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften.

Nr. 19 Administrasjonssjefens rolle i kommunale og fylkeskommunale foretak.

- Administrasjonssjefens rolle som budsjettansvarlig for kommunens samlede økonomiske virksomhet herunder foretakene kombinert med manglende instruksjonsmyndighet overfor daglig leders disponeringer bør være gjenstand for en samhandlingsdiskusjon ved opprettelse av foretak. Administrasjonssjefen, stedfortreder eller andre i ledende administrative posisjoner samt medlem av fylkes- og kommunalråd kan ikke sitte i styret. I kommuner med parlamentarisme kan ikke kommune- og fylkesråd sitte i foretaksstyrene. Det samme gjelder administrasjonssjef/stedfortreder. Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter